

KJÆRE MEDLEM I VALDRESKVELVEN!

Det nye styret i Valdreskvelven vil no gjerne koma med litt informasjon om ting som er på gang. Vi vil også koma med ei oppfordring til medlemene

Informasjonen fyrst.

Det nye styret har alt vore i aktivitet ei tid.

Av arbeid som er i gang eller er utført vil vi nemna eit par ting.

Vi har hatt ein vellukka konsert på Grindaheim på asylmottaket. Det var moro for oss, og det aktiviserte mange av asylsøkarane til å koma med sine sangar og dansar. Der er det mykje kunnskap om folkemusikk og –dans frå fleire kulturar samla. Det skulle vore mykje meir brukt her i Vang og elles i Valdres.

Valdreskvelven har ansvaret for premienemnda på Jørn Hilme Stemnet i år.

Dei som jobbar med det er komne godt i gang, og har funne fram til fine premiar. Ein deltakarpremie i sølv, ei lita munnharpe. Denne er laga av Inger Norunn Solhaug. Dei har også fått laga til fine premiar i keramikk som er laga av Ulrikke Risberg som bur i Øye. Desse skal utstillast i Kredittkassen på Fagernes snart, fram til stemnet som er den 23. og 25 juli.

Vi har også planlagt ein konsert til hausten. Det er den kjende gruppa Uvla som kjem. Der er det med to utøvarar frå Årdal. Den eine kjenner vi godt frå før, Håkon Høgemo. Den andre er minst like godt kjend, Karl Seglem, men kanskje i andre musikkmuiljø like mykje som blant folkemusikarar. Han spelar saxofon. Den tredje er halling og heiter Terje Isungseth. Han er fabelaktig god på trommer og har laga bestillingsverk bl a til Vossajazz . Dei har utvikla seg mykje som gruppe i det siste og burde appellere til mange. Vi kjem med meir informasjon seinare, men det slik det ser ut no blir det laurdag den 14. november.

Men no treng vi å koma saman for å dansa.

Vi skal vera så mange som mogeleg på Valdres Folkemuseum den 5. Juli. Då skal Valdres Samband feire 100-års jubileum. Det er ei forening i USA, og dei har lagt feiringa hit. Vi skal vera så mange dansarar som mogeleg der. I tillegg må du hugsa på dei fine deltakarpremiene på Jørn Hilme Stemnet. Vi må stilla med lag til lagdansen der. Til neste år er landskappleiken på Voss. No er det på tide å planleggja deltaking der også.

Så kom til Fagernes den 5. Juli. Dersom du alt veit at du vil dit, må du ringe til meg eller til ein annan i styret så snart som mogeleg.

Møt fram på Fagernes den 5. Juli og på Jørn Hilme Stemnet den 23-25 juli!

Det nye styret:

| | |
|--------------|----------------------------------|
| Styreleiar: | Nils Leine, 2975 Vang |
| Nestleiar: | Gina Ingeborg Hagen, 2973 Ryfoss |
| Kasserar: | Nils Rogn, 2973 Ryfoss |
| Skrivar: | Kari Fagersand, 2975 Vang |
| Styremedlem: | Ingrid Skavhaug, 2973 Ryfoss |
| Varamedlem: | Jan Sparstad, 2975 Vang |
| Varamedlem: | Guro Kvam, 2975 Vang |

Vang, den 24/6/99

Beste helsing

For Styret - Nils Leine